

BACHELOROPPGÅVE

Samvær mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking

av

Marita Brekke Skjelvan

Barnevernspedagog
BVP5 - 303
Mars 2009

Kva kan vere utfordringar ved
samvær etter omsorgsovertaking jf.
barnevernslova § 4-12, sett i eit
juridisk og psykologisk perspektiv?

Innholdsliste

1. Innleiing.....	s.1
2. Samvær mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking.....	s.2
2.1 Samvær.....	s.3
2.2 Omsorgsovertaking.....	s.4
3. Litteraturstudie som metode.....	s.4
3.1 Litteraturval.....	s.5
4. Juridisk og psykologisk teori.....	s.6
4.1 Juridiske grunnleggande prinsipp.....	s.7
4.1.1 Biologisk forankring.....	s.7
4.2 Tilknytning.....	s.9
4.2.1 Tilknytningsteori.....	s.10
5. Utfordringar med samvær etter omsorgsovertaking.....	s.12
5.1 Alder og samvær – ei utfordring?.....	s.13
5.1.1 Alder sett i lys av tilknytning og juridisk prinsipp.....	s.15
5.2 Lojalitetskonflikt – kven skal eg velje?.....	s.16
5.2.1 Utfordringar med lojalitetskonflikt.....	s.16
5.3 Barna sine reaksjonar på samvær.....	s.18
5.3.1 Sorg som reaksjon.....	s.18
5.4 Alder, lojalitetskonflikt og sorgreaksjonar – ei kort oppsummering.....	s.20
6. Avslutning.....	s.21
Litteraturliste.....	s.23

1. Innleiing

Eit overordna prinsipp i dagens samfunn er at alle barn og foreldre høyrer saman. Samværsproblematikken er eit aktuelt tema i dagens samfunn. Både når det gjelds på det private plan som skilsmisse, og på det offentlege plan som omsorgsovertaking i regi av barnevernet. Då eg hadde praksis i barnevernstenesta møtte eg ein del saker der barn var plasserte utanfor heimen etter barnevernslova (bvl) § 4-12. Eg var med på ein del fosterheimsbesøk der eg fekk snakka med barn og foreldre. Samvær mellom barn og foreldre var noko eg arbeidde mykje med, og spørsmålet om samvær dukka opp i dei fleste fosterheimsbesøka. Gjennom denne perioden fekk eg oppleva at det kan vere mange utfordringar rundt samvær, som til dømes korleis og når det skal gjennomførast, kvar skal samværet vere og kva dersom det ikkje høver. I ei samværs sak er det som oftast fire partar som er innblanda; barnet, foreldra, fosterforeldre og sakshandsamar (Backe – Hansen 1993).

Eg har i denne oppgåva teke for meg samvær mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Samvær er eit omfattande tema, og eg er kjend med at det er fleire paragrafar i barnevernslova som kan heimle omsorgsovertaking og gje grunnlag for samvær. Difor har eg valt å fokusere på samværet når barna er fosterheimsplasserte og flytta utifrå heimen ved tvang, jf. bvl § 4-12.

Fokuset mitt vil ha ein juridisk og psykologisk innfallsvinkel. Eg skal prøve å vise kva dei ulike teoriane seier om samvær og kva dei legg vekt på. Juridisk sett har eg valt ut dei grunnleggande juridiske prinsipp som sentrale, der iblant det biologiske prinsipp og barnets beste, og i frå psykologien har eg valt å fokusera på tilknytning. Den juridiske tydinga av samvær byggjer på ei rettsikkerheitstenking, som også er prega av psykologisk tenking om barn sitt behov (Backe – Hansen 1993). Det er mykje som skal leggjast vekt på gjennom planlegging og utføring av samvær, og det er ein del utfordringar som kan oppstå. Utifrå dette har eg formulert følgjande problemstilling:

Kva kan vere utfordringar ved samvær etter omsorgsovertaking jf. barnevernslova § 4-12, sett i eit juridisk og psykologisk perspektiv?

For å belyse problemstillinga mi brukar eg teori frå juss og psykologi, med dei grunnleggande juridiske prinsippa og tilknytning som fokus. Eg har valt ut tre utfordringar som eg meiner er

sentrale og vil kople desse ilag med teorien eg nyttar. utfordringane har eg delt opp i tre punkt som eg vonar gjev svar på problemstillinga mi. Det første punktet eg har valt ut er alder. Kva seier dei grunnleggande prinsippa og tilknytning om alder ved samvær? Er det forskjell frå eit lite spedbarn og ein tiåring? Neste punkt er lojalitetskonfliktar som kan vere utfordrande for alle partar som er involvert i ei samværsordning. Det siste punktet eg har tenkt å drøfte i oppgåva er reaksjonar barnet kan få ved omsorgsovertaking og samvær, der eg vil leggje hovudvekt på sorgreaksjonar.

Samvær er prega av jussen og psykologien, noko som eg skal vise i denne oppgåva. Før eg forklarar teorien eg har tenkt å bruka, vil eg definere sentrale omgrep som er knytt til samvær. Dette kjem under delen eg har kalla for samvær mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking, der eg presenterer feltet eg har valt å jobba med. Deretter kjem det ein metodedel, der eg gjer greie for metoden eg har brukt og grunngeiv litteraturvala mine. Som sagt har eg delt inn analysedelen i tre delar; alder, lojalitetskonflikt og reaksjonar på samvær. Eg vil i denne delen drøfte og sjå teoriane saman med problemstillinga mi. Før eg avsluttar oppgåva og presenterer hovudfunna mine, vil eg gje ei kort oppsummering av sjølve analysedelen.

2. Samvær mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking

Før eg går vidare i oppgåva mi vil eg sei litt om feltet samvær mellom barn og foreldre, og definere sentrale omgrep. Eg skal gje ein kort definisjon på kva samvær er, sidan det er det oppgåva mi hovudsakleg dreiar seg om. Deretter kjem det ei kort forklaring på kva som er grunnen til at det oppstår samvær, som er omsorgsovertaking. Dette gjer eg for å danne eit lite grunnlag for vidare arbeid i oppgåva.

Barn skal få vekse opp hos sine foreldre, der dei skal bli ivaretatt både psykisk og fysisk (Havik 1996). Det er ikkje alltid at dette fungerer. Ein del barn og unge lever under dårlege forhold i heimen, og vert ikkje ivaretatt slik dei burde. Foreldra gir ikkje den omsorga som barnet treng. Dersom barna vert utsett for slik manglande omsorg er det omsorgssvikt. NOU 1982:26 definerer omsorgssvikt som å unngå å dekke eit barns behov i den grad at det vert utsett for fysisk eller psykologisk skade eller fare. Omsorgsovertaking kan verte ein realitet dersom det er alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller barnet vert utsett for mishandling eller andre overgrep jf. bvl § 4-12 (Ofstad og Skar 2006). Etter at det er vedtatt omsorgsovertaking og barna er flytta utifrå heimen, oppstår retten om samvær. Retten til

samvær er nedfelt i barnevernsloven § 4-19, som seier at alle barn og foreldre har rett til samvær med kvarandre. Det kjem ikkje tydeleg fram av lova korleis samværet skal vere, men at retten er der dersom ikkje noko anna er bestemt. Er det fatta vedtak om omsorgsovertaking, er det bvl § 4-19 2.ledd som vert tatt i bruk. Då skal fylkesnemnda avgjere omfanget av samværet, og dei kan også bestemme at det av omsyn til barnets beste ikkje skal vere samvær i det heile (Ofstad og Skar 2006). For at det kan bli nekta samvær skal det liggja særskilte grunnar til rette. Det er svært sjeldan at foreldre vert nekta samvær med barna sine, men det har vore tilfelle. Eit døme på eit slik tilfelle er den mykje omtala Adele Johansen saka frå 1989 (Haugli 2000, www.barnasrett.no). I denne saka vart barnet flytta bort i frå mor rett etter fødselen, og mor vart nekta samvær. Diskusjonen har dreia seg mykje om at barnevernstenesta gjorde ein feil ved å nekte samvær, og saka kom opp i den europeiske menneskerettighetsdomstolen i 1996. Mor fekk ikkje att dottera og fosterforeldra fekk medhald i adopsjon.

2.1 Samvær

Lov om barnevernstenester definerer samvær som den tida barn tilbringer med sine biologiske foreldre. Dette er då med tanke på etter at barnet er flytta bort ifrå heimen. Samvær kan også forklarast som eit planlagt møte mellom barnet og den som har rett til samvær, som oftast foreldre (NOU 2000:12). Begge desse definisjonane ligg innanfor ramma av same lov. Når fylkesnemnda har teke ei avgjerd om omsorgsovertaking er dette ofte ein minimumsavtale (Havik 1996, Bunkholdt 2005). Det vil seie at det ikkje skal vera mindre samvær enn det som fylkesnemnda avgjer, men barnevernstenesta kan utvide samværsavtalen slik at det vert meir samvær, dersom det er behov for det og samværet mellom barn og foreldre fungerer bra. Bør samværet innskrenkast må det opp til ei ny vurdering hos fylkesnemnda. Plasseringa av barnet kan vere på institusjon, beredskapsheim osv, men statistikkar visar at fosterheimar er den plasseringa som vert nytta mest. I 2007 var til saman 10500 barn og unge plassert utanfor heimen, både som frivillig tiltak og med tvang. 73 prosent eller ca 7600 barn og unge av desse vart plasserte i fosterheim. Ein ser tydeleg at det er eit stort fleirtal som vert flytta i fosterheim. Vidare visar statistikken frå 2007 at det var totalt 42600 barn og unge som mottok eit eller fleire tiltak frå barnevernet. Av desse overtok barnevernet omsorga for 7710 barn med tiltak (www.ssb.no). Retten til samvær skjer som nemnd ovanfor etter ei omsorgsovertaking, noko som eg skal forklare nærmare i neste avsnitt.

2.2 Omsorgsovertaking

Innleiingsvis nemnde eg at barnevernstenesta har rett til å overta omsorga for eit barn, jf. bvl § 4-12 dersom det er utsett for omsorgssvikt. Omsorgsovertaking er eit stort inngrep og avgrensing i foreldreansvaret ved at foreldra vert fråtekne den daglege omsorga for barnet sitt (Ofstad og Skar 2006). Å overta omsorga til eit barn kan verte ei total endring i barnet sin livssituasjon. Barnet får ikkje lenger bu hos sine foreldre. Dei omsorgspersonane som ein er van med vert erstatta av heilt nye menneske, som barnet må prøve å skape ei tilknytning til. Dette er for mange barn ikkje enkelt. I følgje bvl § 4-12, kan ein treffe vedtak om omsorgsovertaking dersom det er alvorlege manglar ved omsorga barnet får. Med det meiner ein at foreldra ikkje gjev barnet sitt den omsorga det treng. Vidare seier lova at dersom barnet vert utsett for overgrep eller det er sannsynlig at barnets utvikling kan verte skadd, ligg det til grunn at ein kan frata foreldra omsorga for barnet sitt. Omsorgsovertaking skal i prinsippet vere den siste moglegheita etter at det har vore prøvd ut ulike hjelpetiltak jf. bvl § 4-4. Dersom det etter ei slik utprøving visar seg at ikkje forholda er betre, vert omsorgsovertaking ein realitet.

3. Litteraturstudie som metode

Som innleiingsvis nemnd er problemstillinga mi kva som kan vere utfordringar ved samvær etter omsorgsovertaking jf. bvl § 4-12, sett i eit juridisk og psykologisk perspektiv. Når eg har jobba med denne oppgåva har eg valt ut ein metode for å belyse problemstillinga mi betre. Larsen (2007) beskriv metode som eit verktøy eller eit reiskap. Det er eit reiskap for å få svar på det ein lurar på og for å få ny kunnskap innanfor eit felt. Medan Halvorsen (2002) ser på metode som ein systematisk måte å undersøkje røyndommen på. Det vil seie at ein velgjer seg ein måte for å finne ut det ein lurar på, og det bør vera system i måten det vert gjort. Definisjonane på metode kan vere mange og dei kan vere litt forskjellige, men eg har valt å bruke Larsen sin definisjon i mi oppgåve. Eg valte denne definisjonen fordi eg synest den fanga opp essensen i oppgåva mi, og framstiller metodeomgrepet på ein god og konkret måte.

Metoden eg har valt å bruke er ei rein litteraturstudie. Med dette meiner ein ei studie av litteratur som allereie finnast av eit valt fenomen. Eg gjer ein analyse av eksisterande litteratur som er relevant, og deretter koplår eg det til mi eiga problemstilling og gjer ein analyse av teorien. Det finst forskjellige typar litteratur ein kan anvende i ei slik studie. Ein kategoriserer ofte litteraturen i to grupper; primærlitteratur og sekundærlitteratur.

Primærlitteratur er litteratur og data som er skriva og produsert av forfattaren / forskaren

sjølv, medan sekundærlitteratur er litteratur som allereie er produsert og vert brukt av andre (Halvorsen 2002). Døme på sekundær litteratur i oppgåva mi er til dømes tal frå statistisk sentralbyrå og boka til Bjerke og Svebak, *Psykologi for høgskolen* (2001). Boka deira er basert på andre forskarar sine teoriar og deira tolking. Det å velje litteraturstudie som metode vil sei at det er ved hjelp av denne metoden eg skal finne svar på problemstillinga mi. Ved å bruke Larsen sin definisjon brukar eg litteraturstudie som eit verktøy eller reiskap til å finne ut meir om kva utfordringar som kan oppstå ved samvær etter omsorgsovertaking, og deretter få ny kunnskap innanfor dette området og temaet samvær.

3.1 Litteraturval

Eg har valt ei rein litteraturstudie fordi det er mykje bra og relevant stoff som er tilgjengeleg om temaet samvær mellom barn og foreldre, og fordi at eg meiner denne metoden kan belyse mi problemstilling på ein god måte. Litteraturen eg har brukt er ei blanding av både primær – og sekundærlitteratur, men når eg har leita etter litteratur har eg bevisst valt ut nokre primærkjelder. Dette har eg gjort for å få ei solid og truverdig oppgåve. Store delar av litteraturen i oppgåva har eit juridisk eller eit psykologisk innhald. Delar av litteraturen omhandlar òg konkret samvær og fosterheimsarbeid. Eg har også brukt nokre resultat frå eit forskingsprosjekt som Toril Havik har utført i samarbeid med barnevernets utviklingscenter på Vestlandet. Stortingsmeldingar og NOU'ar har også vore relevant i arbeidet mitt. Måten eg gjekk fram på når eg arbeidde med oppgåva var først å finne ut kva slags litteratur som var tilgjengelig og relevant. Eg søkte etter bøker på biblioteket sine sider og brukte databasar, som Idunn og Norart for å leite etter artiklar og tidsskrift. Etter kvart som eg fann litteratur, gjekk eg gjennom bøkene og las det som kanskje kunne brukast. Eg har lese ein del bøker som omhandlar samvær, og funne ein del som var relevante for oppgåva mi.

Trude Haugli si bok *Samværsrett i barnevernssaker*, 2.utgåve frå 2000, er litteratur som eg har nytta ein del i arbeidet mitt. Boka hennar er basert på barn som er under omsorg og retten deira til samvær med biologiske foreldre. Dette er ei utredning av dei rettslege perspektiva ved samværsretten. Eg har valt dette som ei primærkjelde fordi det byggjer på Haugli si eiga doktoravhandling om samværsretten. Samtidig har ho trekt inn mykje anna relevant litteratur som ho byggjer boka si på, men det er i hovudgrad hennar avhandling og tolking av samvær. Trude Haugli er jurist, og er tilsett ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø. Litteraturen hennar har eg brukt mykje i den juridiske delen av oppgåva mi. Vigdis Bunkholdt er ein annan forfattar eg har brukt mykje. Ho er klinisk psykolog og har mykje praktisk og

pedagogisk erfaring. I dag arbeider ho som privatpraktiserande psykolog med hovudvekt på oppdrag innan barnevernet. Bøkene hennar *Barnevernpsykologi* (1990), *Utviklingspsykologi* (2000) og *Fosterhjemsarbeid* (2005) er bøker eg har nytta mykje i oppgåva. Bunkholdt forklarar grundig og utgreiande det ho skriv om og dette gjer at bøkene er viktige og greie å bruke. Hennar bøker har eg nytta mest i den psykologiske delen av oppgåva mi. Anna primærlitteratur eg har anvendt er Stortingsmelding 40 og NOU 2000:12. Litteraturvala mine har eg gjort på bakgrunn av at eg tykkjer den har vore interessant og relevant for oppgåva mi, samtidig er det litteratur som har hjelpt meg å belyse problemstillinga.

Ei utfordring når ein jobbar med eit forskingsprosjekt / oppgåve er å samle inn data som er relevant for det ein lurar på og arbeider med. Det ein finn ut må ha ein viss gyldigheit eller relevans for problemstillinga. Dette kallar Halvorsen (2002) validitet. Den belysninga ein gjer av teori skal ha samsvar med resultatet. Når ein utførar ei litteraturstudie er det viktig at ein stillar seg kritisk til litteraturen ein brukar. Dette er viktig for at oppgåva skal vere mest mogeleg valid. Eg vil seie at oppgåva mi er valid, altså gyldig og relevant. Det eg har funne ut samsvarer med teorien eg har brukt og har ført til eit gyldig resultat av oppgåva, samtidig som at den er truverdig. For å sikra validitet i oppgåva mi har eg bevisst brukt primærkjelder, slik at den belysninga eg gjev av problemstillinga vert mest mogeleg gyldig og samsvarer med teorien som finnast. Før ein kjem inn på analysen i oppgåva vil eg i neste del gå nærmare inn på teorien eg har anvendt.

4. Juridisk og psykologisk teori

Det som er utgangspunkt i oppgåva er kva utfordringar som kan oppstå ved samvær etter omsorgsovertaking jf. bvl § 4-12. Avgjerdene om samvær vert teken av fylkesnemnda, og av og til samsvarer dei ikkje med forslaget til barnevernstenesta. Det kan oppstå tvistar i saker med samvær, fordi den juridiske vektlegginga ofte kan verte vektlagt til fordel for psykologisk vektlegging. Det biologiske prinsipp og barnets beste er sterke juridiske prinsipp, medan tilknytning og utvikling står sterkt psykologisk. Alt bør og skal sjåast i ein samanheng. I desse vurderingane som vert tekne, kan ein møte på ein del utfordringar som må takast omsyn til. Det er desse utfordringane eg har valt å fokusere på, sett i lys av det juridiske og det psykologiske perspektiv.

4.1 Juridiske grunnleggende prinsipp

Når det skal fattast vedtak om samvær er det fylkesnemnda som skal ta stilling til forhold vedrørende samvær (Backe – Hansen 1993). I vurderinga dei skal gjere er det mykje ein må tenkje på og leggje til rette for. Barnevernslova byggjer på nokre grunnleggende prinsipp som er heilt sentrale, og skal liggja til grunn når det vert tekne avgjerder som omhandlar barn. Det er ikkje nokre heilt konkrete reglar som seier kva som skal vera ”vanleg samvær”, og det er ikkje nedfelt i lova kor ofte det skal vere samvær, i motsetning til barnelova. Denne lova regulerer samvær etter samlivsbrot. Der er ”vanleg samvær” med barnet ein ettermiddag i veka, annakvar helg, 14 dagar i sommarferie og jul eller påske, jf. barnelova § 43. Sidan barnevernslova ikkje seier noko om korleis samværet skal vere, vert det opp til fylkesnemnda å avgjere og bestemme samvær ved kvar enkelt sak etter forslag frå barnevernstenesta. Medan det er barnevernstenesta som avgjer når og kvar samværet skal utførast. Slik vert avgjerdene om samvær individualisert og basert på skjønsmessige vurderingar (Backe – Hansen 1993). Samværsreglar vert vurdert og undersøkt i lys av lova sine grunnleggende prinsipp (Haugli 2000).

Det er eit overordna prinsipp i barnevernslova at avgjerder skal leggjast vekt på kva som er til barnets beste jf. bvl § 4-1 (Ofstad og Skar 2006). Dette gjeld også i alle samværs – og kontaktordningar. Prinsippet gjeld skjønnsutøving innanfor loven sine rammer. Det vil seie at barevernet berre kan bruke prinsippet etter å ha undersøkt og fastslått etter loven at dei har tilgang til å sette i verk eit aktuelt tiltak, at det er til barnets beste (Lindboe 2003). Det er mykje som inngår i omgrepet barnets beste, til dømes er barnets behov for god og stabil vaksenkontakt eit sentralt moment (Ofstad og Skar 2006). I ein situasjon der barnet må flyttast ifrå sine biologiske foreldre til ein fosterheim, er dette momentet viktig å tenkja på i vurderinga av barnets beste. Eit anna moment som inngår i barnets beste er barnets behov for stabilitet og kontinuitet i omsorga. Dette vil seie at det skal leggjast vekt på å oppretthalde kontakt med sine biologiske foreldre ved ei eventuell omsorgsovertaking (Ofstad og Skar 2006). Barna har behov for å ha ein raud tråd til sine tidlegare røter, slik at dei veit kvar dei eigentleg høyrer til.

4.1.1 Biologisk forankring

Eit prinsipp som kanskje er det mest sentrale i barnevernslova, er det biologiske prinsipp. Lovas utgangspunkt er at barn skal vekse opp hos sine biologiske foreldre (Sandberg i Andenæs, Molven, Rasmussen, Sandberg og Warberg 2003). Det er dei som er dei ordentlege

foreldra til barnet sitt, og meininga er at foreldra sjølv skal kunne ta vare på sitt eige barn. Det biologiske prinsipp er ei rettslig bindande norm for kva som skal sjåast på som det beste for eit barn (Lindboe 2003), altså at det får vekse opp hos sine eigne foreldre. Som Haugli (2000) skriv er det ein grunnleggande verdi at det primære ansvaret for barnet ligg hos foreldra. Dei har ein rett og plikt til å utøve ansvar for barnet / barna. Dette er eit prinsipp som står sterkt i avgjerdene som angår barn. Det biologiske prinsipp vert alltid lagt til grunn. Sjølv om det viser seg alvorleg svikt hos foreldra si omsorgsevne, bør det i utgangspunktet prøvast og løysast i heimen med hjelp av hjelpetiltak. Vidare kan dette føre til konflikt mellom prinsippet om barnets beste. Sjølv om det beste for barnet er at det skal vere hos sine biologiske foreldre, er det ikkje sikkert at det er det beste i ein slik situasjon. Det kan skade barnet meir enn nødvendig. Det biologiske prinsipp står ikkje uttalt i lovteksten, men har kome klart til uttrykk i forarbeida både til barnelova og barnevernslova (Stortingsmelding nr. 40, NOU 2000:12). Vidare står det i Stortingsmelding nr. 40 at tilknytninga til dei biologiske foreldra vert sett på som verdifull. Å skape ei identitetskjensle er viktig for barnet, og den biologiske tilknytninga er vanskeleg å erstatte, sjølv om ein får ”nye” gode omsorgspersonar når ein kjem i fosterheimen. Ein kan også seie at det er ein del av samfunnsordninga vår at biologiske foreldre skal ha ansvaret for barna sine sjølve (NOU 2000:12).

Det biologiske prinsipp vart sterkt framheva etter den nye barnevernslova i 1992. Dette viser seg igjen på talet barn og unge som har samvær med sine foreldre. Ifølgje Havik (2008) var det 32 prosent i 1985 som ikkje hadde samvær med sine foreldre, i 1994 var det 19 prosent og i 2005 var det gått ned til 11 prosent. Dette visar at det er ei klar auke på barn som har samvær med sine foreldre etter at dei er plasserte utanfor heimen. At det stadig er færre som ikkje har samvær med sine foreldre, er eit teikn på at vektlegginga av det biologiske prinsipp vert sterkare. Barna skal og bør ha kontakt med sine biologiske foreldre.

Det mildaste inngrepsprinsipp byggjer vidare på det biologiske prinsipp. I dette ligg det at ein ikkje skal sette i verk meir omfattande tiltak enn det situasjonen krevjar (Haugli 2000). Ein skal ha prøvd ut mildare tiltak før ein eventuelt sett inn meir inngripande. Omsorgsovertaking er eit svært inngripande tiltak i ein familie sin tilværelse. Dette vert ofte gjort etter at andre hjelpetiltak har vorte prøvd ut, og dei ikkje fungerer eller verkar heilt nyttelause. Haugli (2000) påpeikar også at tiltak i form av omsorgsovertaking skal heller ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Ein kan på ein måte sei at samvær kan vere med på å gjere plassering utanfor heimen til eit litt mildare inngrep. Sjølv om barnet er teken bort frå

foreldra, kan det hjelpe med ei samværsordning. Det skal takast ei sjølvstendig avgjerse om samværs spørsmålet utanom omsorgsovertakinga. Med dette meiner eg at avgjerdene skal takast kvar for seg. Dersom det er nødvendig å gripe inn i ei omsorgsovertaking, bør det vurderast om kor mykje det skal gjerast inngrep i retten til kontakt med foreldra (Haugli 2000).

Ein kan seie at barnets beste, det biologiske prinsipp og det mildaste inngrepsprinsipp skal liggja til grunn i alt arbeid som angår barn, både når fylkesnemnda skal ta ei avgjerd om samvær og når barnevernstenesta skal bestemme kva tiltak eit barn skal ha. Fylkesnemnda har det siste ordet i ei samværs sak. Samstundes skal det og tenkjast på barnets utvikling og tilknytning. Slutningar er ofte basert på andre erfaringskunnskapar om barn. Denne kunnskapen vert tilført frå andre fag enn juridiske, som til dømes psykologi og psykiatri (Lindboe 2003). Slik kjem ein inn på den psykologiske innfallsvinkelen når det gjeld samvær.

4.2 Tilknytning

Hensikta når eit barn flyttar frå sin opphavlege familie grunna omsorgssvikt eller andre oppvekstvilkår som er sviktande, er at barnet skal sikrast dei utviklingsmogelegheitene som ein veit dei elles ikkje kan få (Bunkholdt 1990). Det skal leggjast til grunn at barna får ein mogelegheit til å få ei så god utvikling og tilknytning som mogeleg.

Bjerke og Svebak (2001) forklarar tilknytning som det emosjonelle bandet mellom barnet og omsorgspersonar i samband med søking av kontakt og i situasjonar der ein skiljast frå sine omsorgspersonar. Det er viktig at barnet har god tilknytning til ein eller fleire vaksenpersonar. Haugli (2000) påpeikar at tilknytning er svært viktig sidan all psykologisk utvikling hos barn skjer via tilknytingsforhold til andre menneske. Ein tenkjer først og fremst på dei biologiske foreldra som barnet er van med frå byrjinga av. Tilknytning handlar om biologisk forankring (Killèn 2004). Med dette meiner Killèn at barnet har eit biologisk behov for å knytte seg til sine omsorgspersonar. Haugli (2000) er også opptatt av dette med tilknytning, og referer til bvl § 4-1 som ein viktig referanse i tydinga av tilknytning, som fokuserer på god og stabil vaksenkontakt ved vurdering av barnets beste. Det er utvikla ulike teoriar om tilknytning, og ein kan sei at dei forskjellige teoriane har hatt stor tyding for arbeidet med barn og deira familie (Bunkholdt 2000). Eg har valt ut teoriane til John Bowlby og Mary Ainsworth.

4.2.1 Tilknytningsteori

Ainsworth og Bowlby er to sentrale skikkelsar innanfor tilknytningsteori. Dei har begge utvikla sine egne teoriar om tilknytning, men Ainsworth bygde delar av sin teori vidare på Bowlby sin. Tilknytningsteori har fokus på eit grunnleggande system, som tilknytingsåtfærdssystemet. Dette vil sei at barn som har tilknytning til nokon vil først og fremst søkje nærleik og kontakt med vedkommande, også under utrygge forhold (Killèn 2004). Tilknytingsåtfærdinga bør ha ein funksjon som held barnet nær sin omsorgsperson. Alle teoriar om tilknytning har ei felles meining om at utvikling av denne tilknytninga skjer gjennom forhold til andre menneske (Bunkholdt 1990). Det er dei menneska som er nær deg ein knytter seg til.

Bowlby meiner at barn må knytte seg til personar for å overleve, men at dei knytter seg til omsorgspersonar på forskjellige måtar (Killèn 2004). Bowlby legg vekt på tilknytning i dei tidlege barneåra, at det er då tilknytning og binding til omsorgspersonar skjer. Barna er følsame og søker til den personen dei er knytt til og føler seg trygg på. Det er dette han kallar tilknytingsåtfærd. Denne åtfærdinga skal ha som funksjon at barnet har nærleik til omsorgspersonen, slik at sannsynet er stort at barnet vert beskytta i situasjonar det oppfattar som farlege (Killèn 2004, 2007). Tilknytninga bør vere etablert før barnet er eitt år. Dersom ikkje kan det bli vanskeleg å etablere nye tilknytingsband. Men dersom barnet vert utsett for mange skiftingar i omsorgspersonar, som kan vere tilfelle under ei omsorgsovertaking, kan starten på den "eigentlege" tilknytninga utsettast til barnet er ca eitt år, meiner Bowlby (Bunkholdt 2000).

For å forklare nærmare korleis Bowlby såg føre seg tilknytingsprosessen, vil eg no nemne fire fasar som han delte tilknytninga inn i. Den første fasen er frå 0 mnd – ca 3mnd, der barnet orienterer seg og sender signal til andre, utan å skilje klart mellom den som er omsorgsperson. Frå ca 3mnd – 6 mnd orienterer barnet seg og sender signal mot dei personane dei kjenner igjen og byrjar å skilje kjent frå ukjent. Når barnet er ca 7 mnd – ca 2-3 år opprettheld dei nærleiken til eit eller fleire menneske, og det er i denne perioden den eigentlege tilknytninga byrjar. Den siste fasen som startar frå 2-3 år og vidare utover inneheld danning av eit målkorrigert forhold (Bunkholdt 2000, Bowlby 1969 i Bjerke og Svebak 2001). I ei vurdering av samvær bør akkurat dette takast omsyn til, kor langt barnet kan vere komen i ein tilknytingsprosess, særleg når det gjeld mindre barn. Dersom dei er svært svekka tilknytingsmessig bør hyppigheita av samvær diskuterast. Det er som sagt viktig at barnet får ein moglegheit til å utvikle og tilknytte seg på den nye staden og til nye menneske.

Bowlby har vorte kritisert for at han meinte at eit barn må utvikle tilknytingsforhold til ein bestemt person (Bunkholdt 2000). Mange har vore ueinige i dette, og enkelte meiner at sjølv om ein har eit spesielt tilknytingsforhold til ein person kan ein ha varierende forhold til andre personar. Dette er noko også eg stillar meg kritisk til. Ein av dei som kritiserte Bowlby var Rutter. Han meinte at ein kan ha varierende grad av tilknytingsforhold til andre personar sjølv om barnet er knytt til ein bestemt person (Rutter 1981 i Bunkholdt 2000). Så lenge eit barn har omsorgspersonar rundt seg meiner eg at dei kan skape ei tilknytning, uansett om det er til ein eller fleire personar. Det vert ofte poengtert at det er mora barnet knyttar seg til. Eg meiner det er bra for eit barn å ha fleire personar ein knyttar seg til, slik at ein har fleire å vende seg til. Skulle noko skje med den faste omsorgspersonen kan det verte vanskeleg for barnet og omstille seg og knytte seg på nytt til andre menneske. Når det vert aktuelt med omsorgsovertaking er det viktig at barnet klarar å skape ei ny tilknytning dit dei kjem. Då kan teorien om at eit barn knyttar seg til ein bestemt person verte svekka.

Sjølv om Bowlby vart kritisert for akkurat dette vert hans teori framleis nytta. Og det vert antatt at alle barn går igjennom dei fire tilknytingsfasane til Bowlby, men at det er individuelle forskjellar i innhaldet og styrken til tilknytninga som skjer. Det var desse forskjellane Ainsworth ville måle ved å utvikle ein eigen teori (Bjerke og Svebak 2001). Dermed bygde ho vidare på Bowlby sin teori, og utvikla sin teori gjennom observasjonar mellom mor og barn i eittårsalderen. Ho kalla dette for "the strange situation", altså framandsituasjonen. Der vart mor og barn observert i sju korte episodar. Mor og barn er aleine i eit rom, mora skulle forlate rommet og komme tilbake etter ei stund. Ved å utføre eit slik forsøk kunne ein sjå korleis barnet reagerte på mora sitt fråvær, og dermed finne ut korleis dei er knytt til kvarandre (Bunkholdt 2000).

Utifrå sine observasjonar kom ho fram til tre typar tilknytning; ein trygg og to utrygge. Dei trygt tilknyta barna ser mora eller andre omsorgspersonar som "trygg base". Der ein søkte etter nærleik og vart urolege når mora gjekk, men let seg likevettl trøste av andre. Dei to utrygge typane delte Ainsworth inn i engsteleg unnvikande og engsteleg ambivalent (Bunkholdt 2000). Begge kategoriane utrygg tilknytning er delvis den same, men den unnvikande typen søkte ikkje mor og prøvde heller å unngå kontakt, medan den ambivalente var avisande samtidig som det ville vere hos mor (Bunkholdt 2000). Ei utrygg tilknytning kan ein seie er resultat av samspel der foreldra ikkje har vore i stand til å kunne gje barna positiv respons på deira trekk og behov (Killèn 2007). Vidare i oppgåva brukar eg utrygg tilknytning

som fellesnemnar for begge typane utrygg tilknytning. Det Ainsworth kom fram til var at det er mykje som kan tyde på at barn beheld spor av den tilknytninga dei fekk i spedbarnsalder i vidare utvikling (Bunkholdt 2000).

For å kunne vurdere kva som kan vere til det beste for eit barn når det skal flyttast ifrå heimen, er utvikling og barnets tilknytning til sine biologiske foreldre og andre menneske nokre sentrale element ein må leggja vekt på. Barn som har vore utsett for omsorgssvikt kan ofte vere dårlegare tilknyta sine omsorgspersonar enn andre barn. Det er viktig å ta stilling til i kva slags grad og på kva slags måte eit barn er knytt til sine omsorgspersonar (Bunkholdt 2000). Det er viktig å sikre barnet ei oppleving av tilhøyrslse. Ein kan sjå etter ei forklaring av psykologiens tyding for samvær at det er mykje ein må tenkje på. Det nyttar ikkje å flytte barnet til ein familie og dermed tenkje at det er i orden. Mykje må leggjast til rette for at barnet skal få ei god og trygg tilknytning og utvikling som mogeleg. Det er når ei samværsordning byrjar at utfordringane kan oppstå, og det er dei eg skal komme inn på no. Ved å framheve kva som kan være utfordringar ved samvær, skal eg bruke teorien og kople desse saman for å forklare utfordringane ved samvær.

5. Utfordringar med samvær etter omsorgsovertaking

Ein kan dra koplingar mellom dei grunnleggande prinsippa eg presenterte i juridisk teori og tilknytning, der ein kan seie at tilknytingsåtferda er biologisk forankra. Med dette meiner ein at barn har eit nødvendig biologisk basert behov for å knytte seg til omsorgsgjevar (Killèn 2004). Det er eit biologisk prinsipp at eit barn skal knytte seg til ein (fast) person. For at det biologiske prinsippet skal vedlikehaldast, kan samvær vere ein mogelegheit for å oppretthalde dette. Samvær vert regulert av bvl § 4-19, som presiserer at alle barn og foreldre har rett til samvær med kvarandre. Retten til samvær kan oppstå etter ei omsorgsovertaking jf. bvl § 4-12. Som ei påminning gjentek eg at omsorgsovertaking er dersom foreldra vert fråtekne den dagelege omsorga for barnet (Ofstad og Skar 2006).

Når samvær skal avgjerast er det mykje som må liggja til grunn, og det kan oppstå ulike utfordringar. Behova til barnet må stå i fokus. I ei vurdering om samvær skal det gjerast ei individuell vurdering (Bunkholdt i Johansson og Sundt 2005). Som Haugli (2000) poengterer legg loven opp til at den enkelte avgjerda i samværs spørsmålet skal fattast utifrå ei konkret vurdering og skal tilpassast den enkelte sak. Kva som er til barnets beste etter bvl § 4 – 1, kan

vera forskjellig frå barn til barn. I samband med dei grunnleggande juridiske prinsippa skal ein også sjå på dei psykologiske behova barna har. Eg vil med dette påpeike at for å vurdere og avgjere kva samværsordning som kan passe best, bør ein sjå fleire faktorar saman. Vidare under skal eg drøfte tre forskjellige utfordringar som kan oppstå ved samvær.

5.1 Alder og samvær – ei utfordring?

Som Havik gjer uttrykk for i sitt hefte *Samvær mellom barn og foreldre* (1996), skal barnets alder påverke slutningar og tenking rundt samvær. Samværet har ikkje alltid same tyding for eit spedbarn som det kan ha for eit eldre barn. Dei eldre barna har fått ein oppvekst hos sine biologiske foreldre store delar av barndommen, og endringa kan verte stor når dei ikkje får bu hos sine foreldre lenger. Dette kan for mange barn vere tungt, og det vert då opp til barnevernstenesta og fylkesnemnda å finne ei løysing som kan passe bra og prøve å dekke barnet sitt behov best mogeleg. For eit spedbarn som nesten ikkje har budd hos sine foreldre vert det viktig å knytte seg til sine ”nye” foreldre, og samtidig ha kjennskap til sine eigentlege foreldre. Fosterforeldra vert dei psykologiske foreldra, dei som gjev barnet den daglege omsorga, men dei biologiske foreldra er dei eigentlege foreldra som fødte barnet og har det eigentlege ansvaret. Barn som har blitt utsett for omsorgssvikt kan ha fått ei svekka tilknytning til sine foreldre, og har ikkje fått den trygge tilknytninga dei burde. Dette kan skje dersom omsorgspersonen har vore avvisande, truande, uforutsigbar etc. i barnet sin oppvekst (Koch og Walstad 2005).

Når ein flyttar eit barn må alderen spele ei sentral rolle (Haugli 2000). Alderen kan avgjere kor mykje samvær eit barn har behov for og bør ha, alt etter kor langt ein er komen i ein tilknytingsprosess til sine omsorgspersonar. Utfordringa vert å finna ei samværsordning som passar med barnets alder og utvikling. Ser ein alder i forhold til tilknytning er utfordringa å sjå kor langt barnet er komen i tilknytingsprosessen, og deretter forsøke å hindre ei påbegynt dårleg tilknytning. For eit spedbarn som vert flytta, rundt 0-9mnd, har det framleis ikkje etablert tilknytingsband til sine foreldre som heile personar. Dermed vil spedbarna ha den viktigaste tilknytninga til sine fosterforeldre dersom dei vert flytta i tidleg alder (Havik 1996, Bunkholdt og Sandbæk 2008). For å forklare dette nærmare kan ein dra koplingar til Bowlby sine fasar som eg presenterte i del 4.2.1 om tilknytningsteori. Ein kan her dra nytte av dei to første fasane, der Bowlby legg vekt på at barna orienterer seg mot personane og kjenner dei att, men at dei ikkje søker etter nærleik. Tilknytninga har ikkje komen skikkelig i gong. Har ein barnets beste, jf. bvl § 4-1 i fokus, kan ei flytting i tidlig alder vera det beste, dersom

omsorgssituasjonen til barnet tilseier det. Då kan ein hindre at spedbarnet utviklar ei utrygg tilknytning, men får den trygge tilknytninga hjå fosterforeldra som det bør ha. Den utrygge og trygge tilknytninga knytter ein til Ainsworth sin ”strange situation” teori, der ho kom fram til ulike typar tilknytning ved å observera mor og barn (Bunkholdt 2000). Det er ikkje sikkert at det er til barnets beste at det har så mykje kontakt og samvær med sine biologiske foreldre. Den psykologiske situasjonen for barnet og tilknytninga til fosterforeldra kan verte svekka dersom det er for mykje kontakt med foreldra, sidan spedbarnet framleis er lite.

Frå spedbarn til dei er to – tre år kan ein seie at dei etablerer raskt nye tilknytingsband til sine ”nye” foreldre. Men ein føresetnad er at fosterforeldra er følelsmessig tilstades, og er der for barnet (Havik 1996). Utfordringa her vert å oppretthalde den tilknytninga som eventuelt er blitt starta, og at fosterforeldra viser at dei er tilgjengelege. Ser ein igjen tilbake på Bowlby sine fasar, kan ein bruke dei to siste. Barnet opprettheld nærleiken til eit eller fleire menneske som dei kjenner att, og det er her den eigentlege tilknytninga startar (Bowlby 1969 i Bjerke og Svebak 2001). Vert barnet plassert når dei er i denne alderen er som oftast tilknytninga til dei biologiske foreldre starta, sjølv om den er god eller ikkje. Då bør samværet tilpassast best mogeleg slik at barnet framleis beheld kontakten til dei biologiske foreldra, men at barnet også etablerer tilknytning til fosterforeldra.

Dersom barnet vert flytta i eldre alder har dei allereie ei eller anna form for tilknytning til sine omsorgspersonar. Det er ikkje sikkert tilknytninga er så god som den burde vere, men dei ser ofte på sine biologiske foreldre som sine faste omsorgspersonar og det er der dei høyrer til. Men som Havik (1996) og Bunkholdt og Sandbæk (2008) påpeiker kan eit eldre barn trenge lengre tid når dei kjem i fosterheim, også avhengig av korleis tilknytninga til foreldra er. For barn i ein slik situasjon har dei mykje historie med sine biologiske foreldre, og ei eventuell tilknytning til fosterforeldre kan sjåast på som bortkasta. På grunn av tilknytning og lojalitet kan dei motsette seg i å utvikle eit nært forhold til sine nye omsorgspersonar (Bunkholdt og Sandbæk 2008). Desse barna har budd så lenge hos sine foreldre at dei har danna eit målkorrigert forhold til dei (Bowlby 1969 i Bjerke og Svebak 2001). Dette er ein del av siste fase i Bowlby sin tilknytningsteori, men tilknytninga dei har fått til sine foreldre kan vere av den utrygge sorten. Slik som Ainsworth poengterte var dei utrygge barna prega av omsorgspersonar som ikkje alltid var tilstades for barnet. Dette kom til uttrykk i barnets åtferd og kjensler, og dei søkte i liten grad nærleik til omsorgspersonen. Etter å ha forklart kva

utfordringane kan vere for barn i ulike alder vil eg i neste avsnitt gå nærmare inn på alder, og sjå det meir i lys av tilknytning og juridisk prinsipp.

5.1.1 Alder sett i lys av tilknytning og juridisk prinsipp

Ei utfordring når det gjeld alder og tilknytning er om barnet klarar å knytte seg til to sett foreldre samtidig, og om denne tilknytninga vert like trygg og stabil begge stader. Å oppretthalde tilknytning til to sett foreldre kan vera belastande for barnet i ein tilknytingsprosess. Det kan bli ei tvetydig tilknytning, og når barnet vert eldre kan det verte i tvil om kvar og kven det høyrer til. Ein grunn til dette er fordi at det har måtta oppretthalde tilknytning til to sett foreldre. Dette er noko Vigdis Bunkholdt også har påpeikt i innlegget *Samværsrett ved omsorgsovertakelse – til barnets beste eller effektiv hindring av tilbakeføring?* (Tidsskrift Noregs barnevern nr 4, 2004). Barnet kan verte usikker og veit ikkje kven det skal forhalde seg til i ulike samanhengar. Dette kan gjelde barn som er midt i ein tilknytingsfase der ein held på å knytte seg til sine biologiske foreldre, men så vert det fosterheimsplassert og må skape ei ny tilknytning til fosterforeldra. Dette må ein ha i bakhovudet når det skal avgjerast samvær, og det kan vere ei utfordring med tanke på alder og tilknytning.

Eit anna grunnleggande juridisk prinsipp ein bør tenkje på i samband med alder, er det mildaste inngrepsprinsipp. Ein skal ikkje setje i verk tiltak som er meir inngripande enn nødvendig (Haugli 2000). Når ein overtek omsorga for eit barn må ein prøve å gjere inngrepet mildast mogeleg, sjølv om det kan vera vanskeleg. Å flytte frå foreldra kan for eit barn vere svært vanskeleg uansett. Då er ei samværsordning ei god løysing. Ser ein dette ilag med alder kan det vera vanskelegast å gjera det best mogeleg for dei eldste barna, sidan dei har ei etablert tilknytning til sine foreldre. Eit anna prinsipp som er utfordrande i samband med alder er det biologisk prinsipp. Dette kan vera ei utfordring gjennom heile avgjerda om samvær, og det biologiske prinsipp bør og skal liggja til grunn (Sandberg i Andenæs et. al 2003). Ser ein dette i lys av ei fosterheimsplassering vert ikkje det biologiske prinsipp ivaretatt. Særleg kan ein seie dette i forhold til eit spedbarn som til dømes vert flytta direkte i fosterheim. Barnet og dei biologiske foreldra får ikkje mogelegheiten til å verta kjende med kvarandre. Etter å ha gjennomgått dei ulike alderstrinna kan ein seie at det er ei utfordring å finne ei samværsordning som er best mogeleg. Tilknytninga til dei biologiske foreldra spelar ei stor rolle, noko som også dei grunnleggande juridiske prinsippa gjer. Ei anna utfordring som kan oppstå ved ei samværsordning er lojalitetskonfliktar.

5.2 Lojalitetskonflikt – kven skal eg velje?

Barn som vert fosterheimsplasserte har som regel ei eller anna form for tilknytning til sine biologiske foreldre, sjølv om omsorga ikkje har vore den beste. Tilknytningsteorien hevdar at alle barn knytter seg til sine omsorgspersonar uansett korleis dei vert behandla, det er dei nøydt til for å overleve. Utan omsorg klarar ein seg ikkje, men dei knytter seg på ulikt vis avhengig av samspelet mellom barn og omsorgsgjevar (Killèn 2007). Forma for tilknytning kan vere trygg eller utrygg, men sjansane er store for at barn som har vore utsett for omsorgssvikt har ei utrygg tilknytning. Sjølv om denne tilknytninga er utrygg har dei som oftast på ein eller annan måte lojalitetsband til sine foreldre, enten gode eller dårlege. Lojalitet er ei naturleg side ved tilknytning.

Det er vanleg at barn utviklar lojalitet til sine omsorgsgjevarar som ein del av utviklinga av tilknytninga. Bunkholdt (1990) forklarar lojalitet med at barn oppfattar sine foreldre som positive menneske og tek gode slutningar. Lojaliteten i barns auge er at dei vil ha eit positivt bilete av sine foreldre, og vise at dei er glad i dei (Bunkholdt og Sandbæk 2008). Dersom foreldra opptrer som omsorgsfulle lærar barna lojalitet, medan foreldre som er usikre om barna har utvikla lojalitet til dei kan spele forskjellige strategiar for å få lojalitet (Bunkholdt 1990). Dette kan dei gjere ved å gi barnet skuld for at situasjonen er slik den er, eller dei kan gje uttrykk for at dersom barna flyttar så klarar ikkje foreldra seg. Slik komplisert lojalitet kan føre til svekka lojalitetsband mellom foreldre og barn. Når ein slik situasjon oppstår snakkar ein om ei lojalitetskonflikt. Ved ei lojalitetskonflikt står barnet i mellom fleire partar som er i konflikt med kvarandre, biologiske – og fosterforeldre, og barnet opplever ofte at det må velje side (Haugli 2000). Slike lojalitetskonfliktar kjem ofte til syne etter at ei samværsordning har blitt prøvd ut, og det vert ei utfordring å hindre dette. Dersom ei lojalitetskonflikt kjem tydeleg fram bør ein gjere ei ny vurdering av samværet. For å redusere slike lojalitetskonfliktar er ei god samværsordning eit viktig hjelpemiddel.

5.2.1 Utfordringar med lojalitetskonflikt

Juridisk sett kan ein seie at lojalitetskonflikt motstillar seg med omgrepet barnets beste. Dette er eit sentralt juridisk prinsipp som ein må ta omsyn til i alle vurderingar som omhandlar barn (Lindboe 2003, Ofstad og Skar 2006). Dersom det oppstår lojalitetskonflikt ved ei samværsordning er ikkje denne situasjonen til barnets beste. Barnet hamnar i ein situasjon der det kan føle at det må velje side, og veit ikkje kva det skal gjere. Ved ei samværsordning er det viktig at både fosterforeldre og biologiske foreldre ikkje tvinger barnet til å velje side og

ta eit val om kven dei høyrer til. Barnet skal ikkje velje seg ein familie, noko som kan vere ei belastning for barnet. Når barnevernet flyttar eit barn vert det som ei stadfesting på at omsorga ikkje er god nok. Barna har lojalitet til sine foreldre og eit bilete av dei, men når dei vert flytta, bryt og endrar barnevernet dette bilete. Det vert vanskeleg for barnet å akseptere denne situasjonen, og det ”positive” bilete dei hadde av foreldra vert endra og barnet kan slite med å endre denne haldninga. Følelsen av å svikte foreldra kan vere stor, og det kan skape konflikt i forhold til ei tilknytning til sine fosterforeldre. Ved ei flytting kan det verte brot på det biologiske prinsipp, som seier at alle born skal vekse opp hos sine biologiske foreldre (Sandberg i Andenæs et. al 2003). Er ikkje den noverande omsorgssituasjonen bra nok for barnet må det flyttast utifrå heimen, og nye omsorgspersonar kjem inn i bilete. Sjølv om det er ein grunnleggande verdi at det primære ansvaret ligg hos foreldra (Haugli 2000), kan det vera behov for å bryta denne verdien. For å regulere lojalitetskonflikten og dermed oppretthalde det biologiske prinsipp på eit vis, er ei god samværsordning viktig å få til. Slik at barna får tid med sine biologiske foreldre, sjølv om dei ikkje bur ilag med dei.

Vidare kan ein knytte lojalitetskonflikt til psykologi, og psykologisk sett er lojalitetskonflikt sterkt knytt saman med tilknytning. Barna dannar tilknytingsband til sine nære omsorgspersonar og skapar deretter lojalitet. Som eg nemnde tidlegare la Bowlby vekt på at tilknytning skjer i dei tidlege barneåra, det er då barnet knyttar seg til personane som er nær dei (Bunkholdt 2000). Ved ei slik tilknytning dannar også barnet lojalitet til sine foreldre, sjølv om tilknytninga er god eller ikkje. Koplar ein lojalitetskonflikt til Ainsworth sin teori, kan lojalitetskonflikt oppstå sjølv om tilknytninga til omsorgspersonar er utrygg. Barnet må knytte seg til heilt nye personar, og det kan hindre barnet i å skape ei ny tilknytning på grunn av barnet sin lojalitet til sine foreldre. Det å hjelpe barnet å skape nye tilknytingsband til fosterfamilien er viktig. Ein må prøve å gjere dette utan at barnet opplever det som lojalitetsbrot til sine biologiske foreldre. Eit samarbeid mellom biologiske foreldre og fosterforeldre er sentralt for at dette skal fungere (Haugli 2000). Dersom barnet vert gåande i ei lojalitetskonflikt for lenge hamnar barnet i eit psykologisk tomrom, og kan hindre vidare tilknytning, tilhøyrslø og utvikling (Bunkholdt i Johansson og Sundt 2005). Barnet kan verte hindra å knytte seg vidare til fosterforeldra sine. Dette er ei ulempe som ein må prøve å stoppe, og ein kan seie at dette er den største utfordringa med samvær. Barnet må få mogelegheit til utvikle vidare tilknytning og ikkje stenge seg inne aleine. I saman med lojalitetskonfliktar får barna som oftast ein reaksjon når det vert flytta frå foreldra sine, og dette kan også vera ei utfordring som ein må tenkje på når det skal vera samvær. I neste del

vil eg drøfte utfordringane med reaksjonane som kan oppstå ved omsorgsovertaking og samvær.

5.3 Barna sine reaksjonar på samvær

Haugli (2000) legg vekt på at barnet sine reaksjonar må vere eit sentralt moment i vurderingar av samvær. Dette kan vere ei utfordring å få til med tanke på å tilpasse samværet etter korleis barna reagerer. Reaksjonane kan gjere slik at barnet ikkje vil knytte seg og utvikle seg vidare på den nye plassen dei kjem til. Barn får ofte reaksjonar når dei vert flytta vekk ifrå foreldra sine. Ein av dei største og vanlegaste reaksjonane eit barn kan få er sorgreaksjonar (Bunkholdt 1990). Tilknyttinga og nærleiken dei hadde med foreldra er borte og det kan vera vanskeleg å takle det som skjer.

Frå eit psykologisk syn poengterar Bunkholdt (i Haugli 2000) at ein må fokusera på om samværet kjem til å gå utover viktige oppgåver for barnet, slik som tilknytning og utvikling av andre sosiale ferdigheter. Det kan vera normalt med mild grad av uro og negative reaksjonar, men med ein gong det går over til kraftige reaksjonar, som til dømes angst og endringar i åtferd, bør ein vurdere kor godt samværet er for barnet. Då kjem ein inn på den juridiske synsvinkelen i vurderinga om korleis denne situasjonen kan vera til barnets beste. Eg påpeiker igjen at barnets beste er eit heilt sentralt og overordna prinsipp som skal leggjast vekt på i alle saker som omhandlar barn (Lindboe 2003). Er det bra for barnet at når det har samvær med foreldra sine at det får kraftige reaksjonar, og at dei held inne sorgreaksjonane for fosterforeldra sine? Dette er spørsmål som ein må tenkje over når ein skal sjå på korleis ei samværsordning kan vere til det beste for barnet i ein slik situasjon. Det er forståeleg at barnet ikkje har det godt når det må grue seg til samværet og får ein stor reaksjon etter at samværet har vore. Derfor er det viktig at ein prøvar å forstå barnet sine reaksjonar slik at ein kan imøtekomme desse ved å hjelpe barnet og regulere samværsordninga dersom behov, noko som kan vera ei utfordring. Det psykologiske syn og det juridiske syn må sjåast saman, noko som er sentralt i heile vurderinga om samvær. Eg velgjer å ta utgangspunkt i sorg som reaksjonar, og vil i punktet under sjå på korleis dette kan vere ei utfordring av samvær ved å bruke dei grunnleggande prinsippa og tilknytning som grunnlag.

5.3.1 Sorg som reaksjon

Sorg er ein naturleg reaksjon på det som skjer, og det er ein sterk og tung følelse å bære på (Bunkholdt i Johansson og Sundt 2005). Ein kan seie at det er viktig at barnet får ut sine

sorgreaksjonar og at dei vert arbeida med. Dersom ikkje kan det hindre ny tilknytning til fosterforeldra. Reaksjonane må få komme fram slik at sorga vert halden ved like og at barnet kan få gå vidare i livet og ikkje stoppe opp ved å bruke tida på å sørge (Bunkholdt 2005). Sorgreaksjonane kan vere vanskelege å hanskast med på eigenhand, så derfor vert det viktig at barnet kan få hjelp frå fosterforeldra sine. Dersom barna bær på sorga aleine brukar dei opp krefter og energi på dette og ikkje det dei burde bruke krefter på, det å etablere band til sitt nye miljø og omsorgspersonar. For å påpeike kva eg meiner med dette, kan ein seie at "å lukke betyr å hindre bearbeidelse" (Bunkholdt 1990:59). Det vil seie at dersom barnet lukkar seg inne og er aleine om sorga, hindrar det ein bearbeidelse og barnet kan bruke svært lang tid på å komme over det som har skjedd. Ei sorg som ikkje er arbeida med kan hindre ei god og ny tilknytning til fosterforeldra.

Utfordringa med sorgreaksjonane sett i lys av tilknytning i det psykologiske perspektiv kan vere at barnet allereie kan ha eller har ei påbegynt tilknytning til sine biologiske foreldre. Ser ein det utifrå Ainsworth sin teori kan ein sjå på tilknytning som trygg eller utrygg (Bunkholdt 2000). Sjølv om barnet har ei utrygg tilknytning og kanskje er avvisande til sine omsorgspersonar, jf. Ainsworth sine to forskjellige typar utrygg tilknytning; engsteleg unnvikande og engsteleg ambivalent (Bunkholdt 2000, Killèn 2007), oppstår det ein sorgreaksjon. Dei biologiske foreldra har som oftast vore der, og barna er van med å ha dei i nærleiken. Derfor kan ein seie at sorga kan verte stor uansett kor tilknytta dei er.

Omsorgspersonane vert som den trygge basen for barnet, der det kan vere trygt og godt å opphalde seg (Bunkholdt 2000). I ei samværsordning med fokus på reaksjonane til barnet bør ein passe på at barnet får vere med foreldra dersom det er til barnets beste, men at dei også utviklar ei god og trygg tilknytning til sine "nye" foreldre slik at dei kan erstatte den tidlegare trygge basen på ein best mogleg måte.

Utfordringa vert å samsvare tilknytning ilag med det biologiske prinsipp, som også må leggjast til grunn i ei slik vurdering. Som eg har kome inn på fleire stadar i oppgåva, vert det sett på som det primære at barna veks opp hos sine biologiske foreldre og at ei slik tilknytning er verdifull for barnet (Stortingsmelding nr. 40). Det er ein verdi i seg sjølv at barna får lære å kjenne foreldra sine. Ser ein det biologiske prinsipp og tilknytning saman kan ein seie at den biologiske tilknytninga vert vanskeleg å erstatte, og det bør oppretthaldast kontakt med foreldra dersom forholda tilseier det. Sorgreaksjonane og det biologiske prinsipp kan sjåast saman med at barna bør ha ei tilhøyrslse med dei biologiske foreldra for å kunna arbeida med sorga dei har

av å ikkje kunne bu heime med foreldra sine. Vert reaksjonane for store bør ein sjå på den noverande situasjonen og passe på at den er til det som er best for barnet. Også her kan ein sjå at dersom situasjonen tilseier det er det barnets beste som skal stå i fokus, og det må komme framfor det biologiske prinsipp, sjølv om dette også er viktig for barnet. Medan det biologiske prinsipp og barnets beste kan verte heldt ved like på denne måten, er det samtidig viktig at barna opnar og knyttar seg til fosterforeldra sine. I nokre tilfelle kan det hende at det er til barnets beste å tilbringe mest tid hos sine fosterforeldre, og få arbeida med sorga der. Før eg byrjar på avslutninga på oppgåva, vil eg først gje ei kort oppsummering på analysedelen, slik at ein kan sjå ein samanheng.

5.4 Alder, lojalitetskonfliktar og sorgreaksjonar – ei kort oppsummering

Eg har no teke for meg analysedelen i oppgåva mi, og sett på kva som kan vere utfordringar ved samvær etter omsorgsovertaking, sett i eit juridisk og psykologisk perspektiv. Ved hjelp av dei grunnleggande juridiske prinsippa og tilknytning eg gjekk igjennom i teoridelen, har eg belyst problemstillinga mi og kome fram til tre utfordringar som er sentrale og som ein ofte møter på i ei avgjerd om samvær.

Den første utfordringa eg har teke for meg er alder. Barnets alder skal påverke avgjerder og slutningar rundt samvær i barnevernstenesta (Havik 1996). Kva behov barnet har for samvær er i stor grad avhengig av alderen. Eit spedbarn har ikkje ofte like stort behov for samvær med sine biologiske foreldre som det eit eldre barn har, til dømes ein tiåring. Det vert viktig at barnet knyttar seg til fosterforeldra sine, noko som avhenger av kor langt dei er komen i ein tilknytingsprosess. Eit mindre barn har lettare for å knytte seg til fosterforeldra, fordi tilknytninga ikkje er komen skikkelig i gong. Medan eit eldre barn har ei danna tilknytning til sine biologiske foreldre, sjølv om det kan vera ei utrygg tilknytning.

Vidare har eg teke for meg lojalitetskonfliktar, som også er ei utfordring med samvær. Lojalitet heng tett saman med tilknytning, sidan barn skapar tilknytingsband til sine foreldre og utviklar lojalitet til dei. Lojalitetskonflikt kan oppstå sjølv om tilknytninga er av den utrygge sorten, og det kan hindre ei ny tilknytning til fosterforeldra grunna barna sin lojalitet mot foreldra. Når ei lojalitetskonflikt oppstår er ikkje denne situasjonen til det beste for barnet, noko som er eit viktig prinsipp ein må ta omsyn til (Ofstad og Skar 2006). Dette kan vere ein uheldig situasjon for barnet å hamne i, og barnet veit ikkje kva side det skal velje.

Sorgreaksjonar er den siste utfordringa eg har drøfta. Barn får som regel ein eller annan form for reaksjon og dette er viktig å tenkja på i vurderingar av samvær (Haugli 2000). Det er viktig å passe på at samværet ikkje hindrar viktige oppgåver for barnet. Sorgreaksjonar er ein naturleg reaksjon når barnet vert teken bort ifrå foreldra sine. Det er hos foreldra dei har vekse opp, og foreldra dei har skapt ei tilknytning til. Det er viktig at barnet får arbeida med sorgreaksjonane. Dersom ikkje, kan det hindre tilknytning til fosterforeldra. Prinsippet om barnets beste og det biologiske prinsipp bør også her komme til syne. Dersom eit barn får store sorgreaksjonar etter eit samvær med dei biologiske foreldra sine, er ikkje dette ein god situasjon for barnet.

6. Avslutning

Tidleg i arbeidet med oppgåva dukka det opp mykje som eg ville finne ut av når det gjaldt samvær mellom barn og foreldre, og dagens samværsproblematikk. Etter kvart som eg skreiv og utvikla oppgåva spissa eg temaet mitt inn, og har difor valt å fokusert på kva som kan vere utfordringar ved samvær etter omsorgsovertaking jf. barnevernsloven § 4-12, sett i eit juridisk og psykologisk perspektiv. Når det skjer ei omsorgsovertaking er det eit sterkt inngrep og ei avgrensing i foreldreansvaret, og når dette skjer oppstår retten til samvær. Det er eit overordna prinsipp at alle barn og foreldre skal vere saman. Samvær er den tida barn tilbringer med sine biologiske foreldre etter at det er flytta utifrå heimen, og vert regulert av bvl §4-19. Når det skal avgjerast samvær etter omsorgsovertaking er det fylkesnemnda som tek den endelege avgjerda, jf. bvl § 4-19 2.ledd.

Ved ei fosterheimsplassing er det mykje som må takast omsyn til og fokuset bør liggja på barnet og kva behov det har. Samværet må tilpassast kvart enkelt barn og familiens situasjon. Eg har kome fram til utfordringane med samvær ved hjelp av psykologisk og juridisk teori, med fokus på dei grunnleggande juridiske prinsipp og tilknytning. Tilknytning er svært sentralt i arbeidet med samvær, og er det emosjonelle bandet mellom barnet og omsorgspersonar i søking av kontakt og adskilling (Bjerke og Svebak 2001). Eg har teke utgangspunkt i John Bowlby og Mary Ainsworth sine teoriar om tilknytning. Begge la fokuset på at tilknytning i tidleg alder la grunnlaget for vidare utvikling (Bunkholdt 2000). Barnets beste og det biologiske prinsipp er sentrale grunnleggande juridiske verdiar som må liggja til grunn i alt arbeid med barn. Det mildaste inngrepsprinsipp er eit anna prinsipp som også skal brukast i arbeidet.

Det er mange utfordringar som kan oppstå i forbindelse med samvær. I denne oppgåva la eg fram tre utfordringar, og har kome fram til at desse er svært sentrale og oppstår ofte i ei samværsavgjering. Alder kan ofte vere ei utfordring som barnevernstenesta og fylkesnemnda kan møte på. Barnet sin alder er viktig å ta omsyn til når samværet skal avgjerast. Dette på grunn av kor langt barnet har kome i ein tilknytingsprosess og kva som kan vere til det beste for barnet med tanke på alderen. Sidan barn på ein eller annan måte skapar tilknytingsband til sine foreldre, utviklar dei også lojalitet. Når barn vert fosterheimsplassert kan det oppstå ei lojalitetskonflikt. Barn vert ofte ståande mellom fleire partar ved ei lojalitetskonflikt, og dei føler ofte dei må velje side og kven dei skal vere lojale mot. Ei siste utfordring eg har kome fram til er reaksjonar på samvær. Barna får på ein eller annan måte ein reaksjon når dei skal ha samvær med foreldra, og det kan vere vanskeleg for barnet å arbeide med reaksjonane. Ein kan seie at sorgreaksjonar er ein av dei største reaksjonane barnet kan få, og er ei stor utfordring når det skal avgjerast samvær.

Hovudfunna eg har gjort er at det kan vera utfordrande å kombinere jussen og psykologien i ei avgjerd om samvær. Ein kan sjå at dei grunnleggande juridiske prinsippa og tilknytning kan komma til syne i store delar av samværsordninga, og desse er viktig å tenkja på i arbeidet med barnet og deira familie. Eit anna funn eg har gjort er at det ofte er fleire utfordringar som kan oppstå i same sak og på same tid. Eg har drøfta å analysert dei utfordringane eg meiner er mest sentrale og viktigast i arbeidet med samvær.

Temaet eg har tatt for meg i oppgåva er noko eg tykkjer er interessant og utfordrande. I løpet av prosessen har eg møtt på nye og spanande problem og spørsmål som til dømes tilknytingsproblem og korleis dette påverkar barn og unge eller fosterheimsarbeid. Dette er noko eg kunne tenkje meg å finne ut meir om ved ei seinare anledning. Eg meiner at utfordringane eg har kome fram til og diskutert er noko som er viktig for ein barnevernspedagog å tenkje over når ein arbeider med ei samværsordning for at samværet skal fungere på best mogeleg måte.

Litteraturliste

Bøker:

Backe – Hansen, Elisabeth. (1993). *Fosterhjemsarbeid*. Temahefte nr 4 1993 –

Oslo: Barnevernets utviklingscenter

Bjerke, Tore. og Svebak, Sven. (2001). *Psykologi for høgskolen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Bunkholdt, Vigdis. (1990). *Barnevernpsykologi*. Otta: Tano AS

Bunkholdt, Vigdis. (2.utgave 2000). *Utviklingspsykologi*. Oslo: Universitetsforlaget

Bunkholdt, Vigdis. (2004). *Samværsrett ved omsorgsovertakelse – Til barnets beste eller effektiv hindring av tilbakeføring?*. Tidsskrift Noregs barnevern nr. 4 – 2004, s. 28-35.

Bunkholdt, Vigdis. (2.utgave 2005). *Fosterhjemsarbeid – fra rekruttering til tilbakeføring*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Bunkholdt, Vigdis. (2005). *Kontakt og samvær i*: Johansson, Morten. og Sundt, Hege. (red) (3.utgave 2005). *Fosterhjemshåndboka*. Oslo: Kommuneforlaget AS

Bunkholdt, Vigdis. og Sandbæk, Mona. (5.utgave 2008). *Praktisk barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Halvorsen, Knut. (2.utgave 2002). *Forskningsmetode for helse- og sosialfag – en innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelens forlag AS

Haugli, Trude. (2.utgave 2000). *Samværsrett i barnevernssaker*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Havik, Toril. (1996). *Samvær mellom barn og foreldre*. Nr 1-1996. Bergen: Barnevernets kompetansesenter

Havik, Toril. (2008). *Hvordan fungerer samværsordningene mellom fosterbarn og deres foreldre i dag*. Fosterhjemskontakt nr. 3-2008, s. 6-11

Killèn, Kari. (3.utgave 2004). *Sveket – omsorgssvikt er alles ansvar*. Oslo: Kommuneforlaget AS

Killèn, Kari. (2.utgave 2007). *Barndommen varer i generasjoner – forebygging er alles ansvar*. Oslo: Kommuneforlaget AS

Koch, Katrin. og Walstad, Espen. (2005). *Samvær mellom barn og foreldre som ikke bor sammen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Larsen, Ann Kristin. (2007). *En enklere metode – Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Lindboe, Knut. (4.utgave 2003). *Barnevernrett*. Oslo: Universitetsforlaget

Ofstad, Kari. og Skar, Randi. (4.utgave 2006). *Barnevernloven med kommentarer*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Sandberg, Kirsten. (2003). *Barnevernloven i*: Andenæs, Kristian., Molven, Olav., Sandberg, Kirsten., Rasmussen, Ørnulf., Warberg, Lasse. (6.utgave 2003). *Sosialrett*. Oslo: Universitetsforlaget

Offentlige publikasjoner og internettkjelder:

Adele Johansen saka:

http://www.barnasrett.no/Relevante%20Saker/adele_johansen.htm

Lov om barnevernstenester (barnevernloven)17.juli 1992

Lov om barn og foreldre (barnelova) 8.april 1981

NOU 1982:26. *Barnemishandling og omsorgssvikt*. Oslo: Universitetsforlaget

NOU 2000: 12. *Barnevernet i Norge – tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer*.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/NOUer/2000/NOU-2000-12.html?id=117351&showdetailedtableofcontents=true>

Stortingsmelding nr 40 (2001 – 2002). *Om barne – og ungdomsvernet*.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/stmeld/2001-2002/Stmeld-nr-40-2001-2002-.html?id=471124&showdetailedtableofcontents=true>

Statistisk sentralbyrå

<http://www.ssb.no/emner/03/03/barneverng/>